

13. Film og kino


13.1. Nokre resultat

Fleire kinobesøk

I 2011 var det 11,7 millionar kinobesøk, som er ein auke på nær 6 prosent samanlikna med året før. Besøkstalet svarar til 2,4 kinobesøk per innbyggjar.

Besøktala på norske filmar var på knapt 3 millionar i 2011 og utgjer 25 prosent av samla kinobesøk. Dette er det høgaste tal kinobesøk på norske filmar i heile perioden sidan 2000. Sjå figur 13.1.

Figur 13.1. Kinobesøk. Utanlandske og norske filmar. 2000-2011. Millionar personar



Kjelde: Film & Kino.

Ved dei kommunale kinoane har det vore ein auke i tal besøk på nesten 7 prosent frå 2010 til 2011. Bygdekinoane hadde ein auke på 5 prosent, mens dei ikkje-kommunale kinoane har hatt ein auke i tal besøk på 1 prosent. Besøka på dei kommunale kinoane utgjorde 83 prosent av dei totale kinobesøka i 2011, mens besøka på dei ikkje-kommunale kinoane og på Bygdekinoen utgjorde høvesvis 16 og 1 prosent av totalen. Sjå tabell 13.1.

11 prosent fleire på norske filmar

Etter ein nedgang i besøktala ved kinoane i 2010 steig talet igjen i 2011, med drygt 634 000 fleire besøk enn i 2010. 46 prosent av denne auken var på norske filmar, 293 000 fleire besøk. Samanlikna med besøktal på norske filmar i 2010 var dette ein auke på 11 prosent. Det var òg ein auke i tal framsyningar med 27 500, eller nesten 9 prosent, fleire enn i 2010. Auken i framsyningar for norske filmar er på nesten 10 000, eller 14 prosent. Besøk per framsyning har halde seg stabilt siste året, med ein liten nedgang frå 35 til 34 personar i gjennomsnitt per framsyning. Sjå tabell 13.2.

Nær alle kinoane digitaliserte

Det blir stadig færre kinobygg, og i 2011 blei det 4 færre kinobygg, totalt er det 206 kinobygg i 2011. Talet på kinosalar har likevel halde seg stabilt på 430 viss ein held visingsstader for Bygdekinoen utanfor. Sidan 2001 har det vore ein nedgang på 37 kinobygg og ein auke på 36 kinosalar. Digitaliseringa av kinoane heldt fram i 2011, og same året blei nesten alle kinoane ferdig digitaliserte, til saman 415 salar.

I 2011 var det i alt 630 salar som fordelte seg på 332 og 98 respektive kommunale og ikkje-kommunale kinosalar. Dei kommunale kinoane hadde 154 kinobygg og 332 kinosalar i 2011, som tilsvarar eitt bygg mindre og to fleire salar enn året før. Bygdekinoen hadde 200 framsyningsstader i 2011, 21 færre enn året før.

I 2011 var det til saman 78 900 sitjeplassar ved kinoane. Dei kommunale kinoane hadde i underkant av 62 200, medan dei ikkje-kommunale hadde over 16 700 sitjeplassar.

Det var totalt 206 langfilmpremierar ved kinoane i Noreg i 2011. I 2010 var det 207 langfilmpremierar, medan det var 221 langfilmpremierar i 2008. Samanlikna med 2008 var det ein nedgang på 15 premierar i 2011. Talet på norske langfilmpremierar aukar stadig, og låg på 33 i 2011. Sidan 2008 har talet på norske langfilmpremierar auka med 11. Sjå tabell 13.3.

Auke i vurderte spele- og kortfilmar

Medietilsynet vurderte/registrerte 253 spelefilmar og 10 kortfilmar i 2011. Det er 13 fleire spelefilmar og 5 fleire kortfilmar enn i året før. Registrerte/vurderte filmar blir ikkje alltid viste på kino same året som dei er registrerte/vurderte. Sjå tabell 13.4 og punkt 13.2.

Stadig auke i filmsamlingane

Filmsamlingane ved Nasjonalbiblioteket aukar stadig. På slutten av 2011 inneheldt samlingane 23 066 registrerte filmtitlar, ein tilvekst på 286 filmar, eller drygt 1 prosent, frå 2010. Dei norske kortfilmene og dei utanlandske spelefilmene utgjør framleis størstedelen med høvesvis 41 og 37 prosent av samlingane i 2011. Tal videoar har gått ned med 259 frå 2010. Dei siste ti åra har filmsamlingane auka med nesten 4 400 filmtitlar, eller 23 prosent. Sjå tabell 13.5.

Tilskot til norsk filmproduksjon


Norsk filminstitutt forvaltar ulike tilskotsordningar til filmar, ulike tv-program og dataspel. I 2011 var desse tilskotsordningane på totalt 390 millionar kroner, ein auke på 25 millionar, eller 7 prosent, frå året før. Frå 2005 har auken vore på 156 millionar kroner, eller 67 prosent. Produksjonstilskotet utgjorde størstedelen av tilskota, med 201 millionar kroner fordelt på 75 prosjekt i 2011. Forutan produksjonstilskot blei det også gitt utviklingstilskot, billettstøtte og lanseringstilskot til spelefilm/kinofilm. Billettstøtta i 2011 utgjorde 119 millionar kroner fordelt på 46 kinofilmar. Sidan billettstøtta blir gitt i inntil fem år etter premieren, er talet på filmar som fekk støtte etter denne ordninga, høgare enn talet på kinopremierar i 2011. Sjå tabell 13.6.

Sju av ti på kino i 2011

Kultur- og mediebruksundersøkinga i 2011 syner at 68 prosent av befolkninga hadde vore på kino dei siste tolv månadene, mot 73 prosent i 2009. Det var om lag like stor prosent kvinner som menn som gjekk på kino, høvesvis 68 og 67 prosent. Ikkje uventa er det dei unge som går mest på kino. I aldersgruppene 9-15 år og 16-24 år var det høvesvis 91 og 93 prosent som gjekk på kino i 2011. Blant aldersgruppene er det størst nedgang for aldersgruppa 67-79 år som har hatt ei endring frå 42 prosent som gjekk på kino i 2009, til 30 prosent i 2011. Noko av grunnen kan vere den populære filmen *Max Manus* som blei vist i 2009.

Dei med høg utdanning og dei med størst hushaldsinntekt var meir ivrige til å gå på kino enn andre grupper. Det er i særleg grad elevar, studentar og personar i yrke som krev akademisk eller anna fagleg utdanning (yrkesgruppe 3) som går mykje på kino. Sjå tabell 13.7.

Figur 13.2. Personar som har vore på kino dei siste 12 månadene, etter kjønn. 1994-2011. Prosent



Kjelde: Norsk mediebarometer 2011, Statistisk sentralbyrå

I 2011 var salet av DVD og Blu-ray på 16,3 millionar selde filmar. Dette er ein nedgang på 2 millionar, eller 11 prosent, frå året før. Ikkje sidan 2005 har salet vore lågare. Sjå tabell 13.8.

13.2. Om statistikken og dei ulike organisasjonane

Film & Kino

Film & Kino er ein kombinasjon av ein medlemsorganisasjon for norske kommunar og ein bransjeorganisasjon for kino- og videobrandsjen (Film & Kino). Organisasjonen forvaltar Norsk kino- og filmfond (NKFF) og driv i tillegg Bygdekinoen og tidsskriftet Film & Kino. Tidsskriftet er frå 1. januar 2012 teke over av Pandora Forlag, under det nye namnet Cinema.

Norsk filminstitutt

Norsk filminstitutt forvaltar dei statlege tilskotsordningane for utvikling og produksjon av film, TV-produksjonar, dokumentarseriar for TV og nye medium. I 2011 forvalta Norsk filminstitutt til saman 390 millionar kroner til fordeling på 13 ulike tilskotsordningar til audiovisuelle produksjonar. Norsk filminstitutt er statens forvaltningsorgan på filmområdet og rådgivar i filmpolitiske spørsmål. Norsk filminstitutt er eit statleg forvaltningsorgan med løyving over statsbudsjettet og er underlagt Kulturdepartementet (Norsk filminstitutt).

Nasjonalbiblioteket

Nasjonalbiblioteket har ansvaret for innsamlings- og bevaringsfunksjonane av film. Levering av film til Nasjonalbiblioteket er å sjå på som ein del av pliktavleveringa, sjå også kapittel 11.

Medietilsynet

Nokre av oppgåvene til Medietilsynet (oppgåvene til tidlegare Statens filmtilsyn) er mellom anna gitt i lov om film og videogram (film- og videogramlova) av 15. mai 1987 nr. 21. Lova gav blant anna reglar om førehandskontroll og fastsetjing av aldersgrenser for film og video. Etter ei endring i § 100 i Grunnlova 30. september 2004 («Ytringsfrihed bør finde Sted»), la Medietilsynet frå 2005 om praksisen da det ikkje lenger var obligatorisk med førehandskontroll av film i Noreg (forskrift om film og videogram, endra ved forskrift 11. januar 2005 nr. 16). Filmar som skal visast for personar under 18 år, skal framleis inn for aldersklassifisering. Filmar som berre blir registrerte, blir automatisk viste med 18-årsgrense. Vidare gir film- og videogramlova reglar for merking og registrering av videogram som skal seljast i næring (Medietilsynet).

Tre forskrifter er gitt til film- og videogramlova. Desse omhandlar film og videogram, vilkår for løyve til å prente registreringsmerket til Medietilsynet på omslag og kassett, og reglar om merking ved elektronisk omsetning av videogram.

Mediebruksundersøkingane

Talet på kinobesøk for 2011 er henta frå Norsk mediebarometer 2011. Termen *kvartil* representerer ei gruppe med om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år. Det er nytta nokre kjennemerke knytte til yrkesstatus i tabell 13.7. Sjå kapittel 11.2 for definisjonar av desse kjennemerka.

13.3. Omfang, publisering og samanlikningar

Statistikken over kinoaktiviteten omfattar alle kinoane i Noreg. Statistikken blir publisert i Film & Kinos årboknummer og på internettsidene, www.kino.no. Delar av statistikken blir òg publiserte i Statistisk årbok. Nokre tal for kinoane blir elles publiserte i KOSTRA.

Film- og kinostatistikken kan samanliknast over tid og med film- og kinostatistikken i andre land.

Referansar

Film & Kino: (<http://www.kino.no>)

Medietilsynet: (<http://www.medietilsynet.no>)

Norsk filminstitutt: (<http://www.nfi.no>)

Meir informasjon

Statistisk sentralbyrå (2012): *Kulturstatistikk 2010*, Statistiske analysar 127. (<http://www.ssb.no/publikasjoner/>)

Vaage, Odd Frank (2012): *Norsk mediebarometer 2011*, Statistiske analyser 128, Statistisk sentralbyrå. (<http://www.ssb.no/medie>)

Vaage, Odd Frank (2009): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*, Rapportar 2009/29, Statistisk sentralbyrå. (http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929)

Tabell 13.1. Besøk ved kinoane, etter kinotype og fylke. 2001-2011

	Besøk i alt	Besøk			Per innbyggjar ¹
		Ved kommunale kinoar	Ved ikkje-kommunale kinoar	Ved bygdekinoar	
2001	12 477 164	10 761 725	1 566 446	148 993	2,8
2002	12 041 422	9 976 579	1 934 206	130 637	2,7
2003	13 049 067	10 758 367	2 156 809	133 891	2,9
2004	11 966 254	9 671 796	2 148 667	145 791	2,6
2005	11 314 081	9 078 088	2 101 469	134 524	2,4
2006	12 012 493	9 560 709	2 303 726	148 058	2,6
2007	10 815 700	8 619 801	2 068 216	127 683	2,3
2008	11 869 449	9 631 599	2 108 034	129 816	2,5
2009	12 701 912	10 356 276	2 206 555	139 081	2,6
2010 ³	11 020 954	9 037 140	1 863 735	120 079	2,3
2011	11 655 050	9 641 532	1 887 286	126 232	2,4
2011					
Østfold	543 417	426 463	114 257	2 697	2,0
Akershus	1 189 635	371 096	812 757	5 782	2,2
Oslo	2 233 876	2 231 425	1 442	1 008	3,7
Hedmark	300 834	296 961	-	3 873	1,6
Oppland	288 984	277 568	1 723	9 693	1,6
Buskerud	539 693	176 244	356 951	6 498	2,1
Vestfold	563 634	464 334	99 301	-	2,4
Telemark	352 078	219 822	123 523	8 733	2,1
Aust-Agder	210 734	202 200	-	8 534	1,9
Vest-Agder	441 617	409 436	29 033	3 148	2,6
Rogaland	1 140 321	1 126 980	10 183	3 158	2,6
Hordaland	1 359 817	1 316 707	22 800	20 310	2,8
Sogn og Fjordane	169 423	104 358	54 400	10 665	1,6
Møre og Romsdal	414 930	377 962	20 684	16 284	1,6
Sør-Trøndelag	813 940	803 534	4 075	6 331	2,8
Nord-Trøndelag	225 442	217 233	1 110	7 099	1,7
Nordland	345 253	217 261	123 590	4 402	1,5
Troms Romsa	387 622	281 754	101 084	4 784	2,5
Finmark Finnmarku	127 883	120 194	4 456	3 233	1,7
Svalbard ²	5 917	-	5 917	-	-

¹ Berekna tal. ² Personar busette på Svalbard er som regel registrert busette i ein norsk kommune. ³ Retta sidan førre utgåva.

Kjelde: Film & Kino.

Tabell 13.2. Verksemda ved kinoane, etter eigarform. 2001-2011

	Kino-bygg i alt	Kino-salar/ fram-synings-stader	Salar med digital-kino ¹	Sitje-plassar	Framsyingar		Besøk			Billettinntekter, 1 000 kroner		
					I alt	Av dette norske	I alt	Av dette besøk på norske filmar	Besøk på norske filmar	Besøk per fram-syning	I alt	Av dette på norske filmar
							—1 000 personer—	Prosent				
2001	243	596	-	84 610	244 353	27 277	12 477	1 865	14,9	51,1	689 857	99 881
2002	249	600	-	85 913	250 062	22 899	12 041	897	7,4	48,2	706 618	47 681
2003	242	603	-	83 990	258 727	41 374	13 049	2 378	18,2	50,4	815 305	133 781
2004	240	625	-	85 047	267 269	34 629	11 967	1 777	14,8	44,8	782 127	107 122
2005	232	656	-	84 457	292 014	37 548	11 314	1 380	12,2	38,7	783 550	98 310
2006	227	649	-	82 630	303 251	47 365	12 013	1 928	16,0	39,6	852 005	130 095
2007	219	651	-	79 677	297 188	52 246	10 816	1 779	16,4	36,4	791 190	115 462
2008	218	661	49	79 177	307 249	56 722	11 870	2 657	22,4	38,6	917 659	202 456
2009	212	652	65	78 716	307 962	57 377	12 702	2 613	20,6	41,2	1 042 145	195 330
2010 ³	210	651	250	79 238	316 073	68 021	11 021	2 564	23,3	34,9	954 034	198 195
2011	206	630	415	78 921	343 611	77 676	11 655	2 857	24,5	33,9	1 039 662	234 760
Kommunale kinoar i alt												
	154	332	..	62 185	275 918	62 165	9 642	2 332	24,2	34,9	861 182	191 995
Ikkje-kommunale kinoar i alt²												
	52	98	..	16 736	63 566	14 020	1 887	471	25,0	29,7	169 402	39 058
Bygdekinoar												
	-	200	..	-	4 127	1 491	126	54	42,9	30,6	9 078	3 707

¹ Gjeld berre kommunale og private kinoar. ² Medrekna Svalbard. ³ Retta sidan førre utgåva.

Kjelde: Film & Kino.

Tabell 13.3. Langfilmpremierar, etter produksjonsland. 2005-2011

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
I alt	230	241	237	221	223	207	206
Produksjonsland							
Noreg	¹ 21	⁴ 22	¹ 23	22	22	26	33
Sverige	16	10	9	9	12	7	4
Canada	-	-	3	3	-	4	2
Danmark	13	6	8	7	7	5	6
Finland	-	4	1	3	-	4	2
Storbritannia	11	12	19	16	11	12	16
Tyskland	5	4	5	4	1	6	2
Frankrike	4	² 12	8	10	22	11	11
Italia	4	3	4	4	3	3	2
Island	-	2	2	-	3	-	1
Spania	6	1	3	3	4	2	3
Russland	-	1	1	2	1	-	1
Sør-Korea	4	1	1	-	-	1	-
USA	³ 119	² 122	⁵ 113	117	108	103	98
Andre land	27	41	37	21	29	23	25

¹ Av dette ein samproduksjon. ² Av dette ei nyutsending. ³ Av dette fem nyutsendingar. ⁴ Av dette to nyutsendingar. ⁵ Av dette fire nyutsendingar.
Kjelde: Film & Kino.

Tabell 13.4. Spelefilmar og kortfilmar vurderte/registrerte av Medietilsynet, etter aldersgrupper. 1995-2011

	1995	1997	1999	2001	2003	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Spelefilmar i alt	212	219	241	194	230	238	236	251	² 242	238	240	253
Aldersgrupper												
Tillatne for barn 7 år og over	30	47	34	31	29	36	20	28	36	34	30	34
Tillatne for barn 11 år og over ..	54	51	60	64	70	62	67	69	67	62	82	73
Tillatne for ungdom 15 år og over	91	85	89	61	81	79	78	84	68	71	67	64
Tillatne for vaksne 18 år og over	18	7	14	5	14	12	10	23	³ 22	⁴ 9	10	12
Tillatne for alle	19	29	44	33	36	49	61	47	49	62	51	70
Kortfilmar i alt	41	36	32	36	21	14	32	33	32	37	5	10
Aldersgrupper												
Tillatne for barn 7 år og over	6	4	10	9	2	-	1	1	2	3	1	1
Tillatne for barn 11 år og over ..	9	2	3	5	2	3	8	3	1	7	1	2
Tillatne for ungdom 15 år og over	1	3	2	1	1	3	3	-	-	1	-	-
Tillatne for vaksne 18 år og over	-	1	-	-	-	-	-	¹ 28	¹ 24	21	-	-
Tillatne for alle	25	26	17	21	16	8	20	1	5	5	3	7

¹ Registrert hos Medietilsynet. ² Det er berre registrert 21 filmar. ³ Ein film blei vurdert til 18-årsgrænse. ⁴ Ingen filmar blei i 2009 vurderte til å kunne få 15-årsgrænse eller lågare. Alle dei 9 filmane er registrerte utan førehandskontroll, det vil seie at dei må visast med 18-årsgrænse.
Kjelde: Medietilsynet.

Tabell 13.5. Filmsamlingar ved Nasjonalbiblioteket¹. 1998-2011

	Registrerte titlar per 31. desember												Tilvekst i 2011
	1998	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	
I alt	17 932	18 682	18 910	19 139	19 475	19 803	20 128	20 583	² 21 184	21 824	22 780	23 066	286
Norske spelefilmar 35 mm	³ 753	810	824	839	860	878	900	942	973	1 004	1 048	1 068	20
Utanlandske spelefilmar													
35 mm	⁴ 5 730	6 335	6 531	6 716	6 961	7 191	7 443	7 759	7 956	8 155	8 339	8 603	264
Norske kortfilmar 16/35 mm	8 705	8 782	8 800	8 824	8 884	8 949	8 995	9 080	9 154	9 204	9 322	9 455	133
Utanlandske kortfilmar													
16/35 mm	2 744	2 755	2 755	2 760	2 770	2 785	2 790	2 802	2 812	2 822	2 822	2 950	128
Videoar	289	639	1 249	990	-259

¹ Nasjonalbiblioteket overtok etter Norsk Filminstitutt som mottaksinstitusjon for film i 2008. ² Medrekna pliktavlevert video. ³ Medrekna norske spelefilmar 16 mm. ⁴ Medrekna utanlandske spelefilmar 16 mm.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 13.6. Norsk filminstitutt¹. Tilskot til audiovisuell produksjon, tal på filmar, type tilskotsordning og beløp. 2005-2011

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Kortfilmar							
Talet på fullførte filmar ²	23	40	34	58	-	-	-
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	18	21	13	15	8	5	16
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner	948 500	1 982 500	1 139 790	1 219 681	796 833	493 200	1 345 000
Produksjonstilskot, tal prosjekt	41	37	37	43	36	24	21
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner .	12 730 500	15 959 800	14 675 287	25 182 303	⁷ 21 861 806	20 354 800	18 065 000
Kinofilmar³, fiksjon og dokumentar							
Talet på filmpremièrar	26	22	22	24	⁸ 23	25	33
Billettstøtte, talet på filmar ⁴	26	33	31	31	44	37	46
Billettstøtte, samla utbetaling. Kroner	49 326 400	67 394 700	58 625 637	86 729 770	96 376 174	100 768 403	118 552 408
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	46	35	87	67	57	23	50
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner	7 055 100	6 324 900	19 611 273	14 181 125	11 769 182	12 824 481	10 015 500
Produksjonstilskot, talet på prosjekt	25	18	28	24	30	30	22
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner .	121 731 000	125 129 700	145 741 650	126 647 217	156 795 790	152 419 530	135 661 323
Lanseringstilskot, talet på prosjekt	14	19	37	27	22	48	33
Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner ...	10 938 300	17 733 500	35 100 000	24 269 804	23 686 797	31 895 584	38 764 796
TV-produksjonar, enkeltståande⁵							
Talet på fullførte produksjonar/viste	-	-	-	-	-	-	-
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	36	46	26	38	36	25	34
Utviklingstilskot, samla tilskot ⁶ . Kroner ...	2 354 000	2 681 000	3 008 262	4 430 384	5 472 000	4 044 226	6 872 000
Produksjonstilskot, talet på prosjekt	26	30	25	42	37	29	20
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner .	7 198 000	6 114 000	7 432 000	17 497 385	16 030 000	12 372 476	17 215 000
Dokumentarseriar for TV							
Talet på fullførte produksjonar/viste	-	-	-	-	-	-	-
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	-	3	5	-	3	2	1
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner	-	245 000	700 000	-	550 000	200 000	150 000
Produksjonstilskot, talet på prosjekt	-	4	2	3	2	3	5
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner .	-	3 250 000	1 825 000	1 900 000	1 395 000	2 650 000	4 415 000
Drama, TV-seriar							
Talet på fullførte produksjonar/viste	-	-	5	-	-	-	-
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	16	8	13	13	28	13	20
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner	2 539 100	1 090 000	2 709 200	2 300 000	5 386 135	2 826 151	3 392 220
Produksjonstilskot, talet på prosjekt	8	5	5	5	5	4	7
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner .	13 998 300	21 940 000	21 710 000	11 775 000	11 050 000	14 090 000	25 800 000
Nye medium⁶							
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	6	6	9	11	18	16	20
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner	5 000 000	5 397 700	6 000 000	7 900 000	10 600 000	10 000 000	10 000 000

¹ Frå 1. april 2008 tok Norsk filminstitutt over som einaste nasjonale forvaltningseining for film. ² Fullførte kortfilmar har sjeldan "premiere". ³ Spelefilm/kinofilm har minimum visingstid 72 minutt. Tala inkluderer òg kortfilmar med kinodistribusjon, kinodokument og minoritets-/samproduksjonar med utlandet. ⁴ Høgare tal enn talet på premièrar kjem av overheng og reprisar frå tidlegare år. ⁵ Frå 2007 berre enkeltståande dokumentarar. ⁶ I praksis dataspel. ⁷ I tillegg kr 9 906 948 i lanseringsstøtte til 30 kortfilmar. ⁸ Inklusive ein film i novelleformat og ein kinofilm med berre regional distribusjon.

Kjelde: Norsk filmfond/Norsk filminstitutt.

Tabell 13.7. Besøk på kino, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt, yrkesstatus og landsdel. 2004-2011. Gjennomsnitt og prosent

	Prosent						Besøk i gjennomsnitt					
	2004	2006	2008	2009	2010	2011	2004	2006	2008	2009	2010	2011
Prosentdel, alle	68	67	70	73	70	68	4,1	3,7	3,6	3,6	3,5	3,3
Kjønn												
Menn	68	66	70	72	66	67	4,4	3,7	3,7	3,7	3,3	3,5
Kvinner	68	69	71	73	73	68	3,8	3,6	3,5	3,5	3,7	3,1
Alder												
9-15 år	91	91	88	86	88	91	5,2	4,7	4,5	4,5	4,3	3,9
16-24 "	91	89	92	93	90	93	8,1	7,1	6,5	6,7	6,6	6,0
25-44 "	80	81	78	82	82	80	4,9	4,2	4,2	4,2	4,3	3,7
45-66 "	50	47	58	59	56	51	1,9	2,0	2,3	2,2	1,7	2,2
67-79 "	26	26	39	42	30	30	0,7	0,7	1,3	1,0	1,0	1,6
Utdanning												
Ungdomsskole	44	46	53	57	49	52	3,3	2,5	2,7	2,7	2,7	2,5
Vidaregåande skole	63	61	63	65	62	59	3,5	3,4	3,2	3,1	3,0	2,9
Universitet/høgskole, kort	79	76	76	83	80	75	4,7	3,9	4,5	4,0	4,2	3,4
Universitet/høgskole, lang	88	81	90	84	82	80	5,1	4,9	4,4	4,3	4,0	4,6
Hushaldsinntekt												
1. kvartil	56,0	56,0	62,0	64,0	53,0	55,0	3,5	3,8	3,4	3,4	3,3	3,3
2. kvartil	65,0	66,0	68,0	67,0	68,0	61,0	3,8	3,1	3,1	3,3	3,0	2,8
3. kvartil	71,0	72,0	81,0	68,0	73,0	72,0	4,0	3,5	4,4	2,8	3,2	2,9
4. kvartil	80,0	81,0	84,0	80,0	86,0	83,0	4,6	4,2	4,2	4,0	4,4	4,0
Yrkesstatus (16-79 år)¹												
Yrkesgruppe 1-2	81	79	81	82	82	77	4,8	4,0	4,1	4,0	4,1	3,8
Yrkesgruppe 3	79	78	80	83	78	78	4,9	4,3	4,5	4,1	3,6	3,5
Yrkesgruppe 4-5	73	71	68	76	71	72	3,7	4,1	3,9	4,0	3,8	3,6
Yrkesgruppe 6-9	61	59	66	61	59	61	4,6	3,2	3,4	2,6	2,6	2,7
Elevlar/studentar	90	91	93	97	94	96	7,6	6,9	6,4	6,8	6,6	6,1
Trygd/pensjonistar	32	27	38	43	32	30	1,2	0,7	1,1	1,1	1,1	1,7
Heimearbeidande	45	58	:	:	75	71	1,6	1,7	:	:	2,7	2,9
Landsdel												
Oslo/Akershus	78	77	79	80	78	78	5,1	4,6	4,3	4,3	4,2	4,3
Austlandet elles	66	64	67	71	65	63	4,1	3,0	3,5	3,2	3,0	3,2
Agder og Rogaland	66	68	74	75	70	69	3,8	3,5	3,9	3,7	3,6	3,0
Vestlandet	67	65	63	69	70	65	3,7	3,6	2,8	3,4	3,5	3,1
Trøndelag	66	68	72	71	68	67	3,6	4,1	3,5	3,4	4,2	3,0
Nord-Noreg	60	56	69	63	63	56	3,8	3,4	3,8	3,2	2,3	2,0

¹ For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kap. 11.2.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2011, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 13.8. Sal av DVD og Blu-ray. Tal på selde filmar¹. 2004-2011. Millionar

2004	9,2
2005	15,3
2006	17,3
2007	19,1
2008	20,2
2009	20,0
2010	18,3
2011	16,3

¹ Tala er baserte på salsrapportar samla inn frå dei viktigaste salskanalane av Gfk, men Gfk dekkjer ikkje heile marknaden, derfor er totaltala berekna tal.

Kjelde: Film & Kino.

Tabell 13.9. Statlege tilskot til regionale filmsenter og filmfond. 2008-2011. 1 000 kr

	2008	2009	2010	2011
Filmsenter				
I alt	16 796	26 796	26 796	31 796
Nordnorsk filmsenter ¹	6 217	8 217	8 217	8 217
Av dette				
Produksjonstilskot	3 428	5 428
Driftstilskot ²	2 789	2 789
Vestnorsk filmsenter	4 479	6 479	6 479	7 229
Midtnorsk filmsenter	2 500	4 000	4 000	4 750
Østnorsk filmsenter	1 000	2 000	2 000	2 000
Filmkraft Rogaland filmsenter ..	1 000	2 000	2 000	3 500
Sørnorsk filmsenter	1 000	2 000	2 000	3 000
Mediefabrikken i Akershus ³	600	600	600	600
Internasjonalt samisk filmsenter (ISF)	-	1 500	1 500	2 500
Filmfond				
I alt	10 500	10 500	10 500	10 500
Film3	2 500	2 500	2 500	2 500
FUZZ	2 500	2 500	2 500	2 500
Midtnorsk filmfond	1 000	1 000	1 000	1 000
Filmkraft Rogaland filmfond	2 000	2 000	2 000	2 000
FilmCamp	2 500	2 500	2 500	2 500
Ikkje fordelt	-	-	5 000	4 011

¹ Tilskotet for 2008 blei gitt i post 72. ² Nordnorsk filmsenter fekk som einaste regionale filmverksemd støtte til drift fram til 2009, fordi filmsenteret hadde status som knutepunktinstitusjon. ³ Tilskotet for 2008 er gitt under post 78.

Kjelde: Kulturdepartementet.